



## Kost og losji i 2005. Reiseutgifter ved besøk i heimen, trekkfri bilgodtgjering, fordel ved bruk av arbeidsgivar sin bil og rentefordel ved rimelege lån i arbeidstilhøve i 2005

Skattedirektoratets satsar for kost i 2005 er ikkje auka i forhold til 2004. Det er teke omsyn til endringane i konsumprisindeksen for matvarer og for husleige, lys og brensel fram til september 2004.

Skattedirektoratets forskottssatsar for trekkfri kostgodtgjering for arbeidstakarar som bur på pensjonat og for arbeidstakarar som bur på hybel/brakke der det er høve til å koke mat, er auka i forhold til 2004.

Skattedirektoratet har fastsett frådragssatsar for bruk av bil ved besøk i heimen og nye retningsliner for fordel ved bruk av arbeidsgivar sin bil for inntektsåret 2005. Trekkfri bilgodtgjering og rimelege lån i arbeidstilhøve er også omtalt.

Kunngjering av 22. desember 2004 om satsane for trekkpliktige naturalytingar i 2005 er teke inn som vedlegg.

1	Skattedirektoratets satsar for kost og losji for inntektsåret 2005 .....	2
2	Skattedirektoratets forskottssatsar for trekkfri kostgodtgjering og frådrag for meirutgifter til kost ved lange daglege fråvær .....	2
2.1	Skattedirektoratets forskottssatsar for trekkfri kostgodtgjering .....	2
2.2	Frådrag for meirutgifter til kost ved lange daglege fråvær .....	2
3	Reiseutgifter ved besøk i heimen, trekkfri bilgodtgjering og fordel ved privat bruk av arbeidsgivar sin bil for inntektsåret 2005 .....	3
3.1	Frådrag for reiseutgifter ved heimesøk .....	3
3.2	Trekkfri bilgodtgjering .....	3
3.3	Privat bruk av arbeidsgivars bil.....	3
3.3.1	Bilar som fell innanfor dei standardiserte reglane (sjablonsystemet).....	3
3.3.2	Bilar/persongrupper som fell utanfor dei standardiserte reglane.....	4
3.3.2.1	Bilar som fell utanfor dei standardiserte reglane .....	4
3.3.2.2	Persongrupper som fell utanfor dei standardiserte reglane .....	4
4	Rimelege lån i arbeidstilhøve .....	4
	Skattetrekket i 2004 .....	6

## 1 Skattedirektoratets satsar for kost og losji for inntektsåret 2005

Med heimel i skattebetalingslova § 6 nr. 2, jf. § 2-1 i forskrift frå 21. juni 1993 om m. a. verdsetjing av naturalytingar, sjå melding Sk nr. 12/1993, har Skattedirektoratet fastsett følgjande satsar for verdien av fri kost og losji ved utrekning av forskottstrekk og ved likninga for 2005:

Fritt opphald (kost og losji)	kr 93 pr. dag
Fri kost (alle måltid)	kr 68 pr. dag
Fri kost (to måltid)	kr 53 pr. dag
Fri kost (eitt måltid)	kr 35 pr. dag
Fritt losji (eitt eller delt rom).	kr 25 pr. dag

Det er teke omsyn til endringane i konsumprisindeksen for matvarer og alkoholfrie drikkevarer og for husleige, lys og brensel frå september 2003 til september 2004.

Satsane gjeld heile landet. Berre dagar arbeidstakaren faktisk får slike ytingar skal reknast med.

Blir Skattedirektoratets satsar nytta, skal desse gjelde for alle tilsette når trekk og arbeidsgivaravgift skal reknast ut, både i bokføringa og i lønnsoppgåva.

Satsane for fri kost skal nyttast same kva for stilling mottakaren har i verksemda, og kvar for seg for familiemedlemmer som får ytinga. For barn som ikkje har fylt 10 år innan utgangen av 2005, skal satsane for fri kost halverast.

Blir arbeidstakaren **trekt** for verdien av kost og losji etter satsar fastsette anten av Skattedirektoratet eller i tariffavtale, skal skattetrekk og arbeidsgivaravgift reknast av bruttolønn.

Dersom trekket i lønna er mindre enn satsane i tariffavtala og dessutan under satsane frå Skattedirektoratet, skal ein gi eit tillegg i bruttolønna. Tillegget skal vere lik differansen mellom direktoratet sine satsar og det beløpet som er trekt.

Dersom satsane for kost og losji i særlege tilfelle skulle verke klårt urimelege, kan ytingane setjast til ein lågare verdi **ved likninga**. Det er føresetnaden at denne ordninga berre skal reserverast for heilt spesielle tilfelle og difor berre skal kunne nyttast unntaksvis. Det er ikkje overlate til arbeidsgivarane å ta individuelle omsyn (nytte reduserte satsar) ved fastsetjing av trekkgrunlaget.

Sjå òg den påtrykte kunngjerings.

## 2 Skattedirektoratets forskottssatsar for trekkfri kostgodtgjering og frådrag for meirutgifter til kost ved lange daglege fråvær

### 2.1 Skattedirektoratets forskottssatsar for trekkfri kostgodtgjering

Forskottssatsane for trekkfri kostgodtgjering for 2005 er følgjande pr. døgn:

For arbeidstakarar som bur på pensjonat eller hybel/-brakke utan høve til å koke mat (og som ville hatt krav på frådrag for meirutgifter til kost):

kr 251

For arbeidstakarar som bur på hybel/-brakke der det er høve til å koke mat eller har overnatta privat (og som ville hatt krav på frådrag for meirutgifter til kost):

kr 166

Får arbeidstakaren i tillegg dekt eitt eller fleire måltid, må den trekkfrie godtgjeringa reduserast med 10 prosent for frukost, 40 prosent for lunsj og 50 prosent for middag (beløp skal rundast opp eller ned til nærmaste heile krone).

Godtgjering til kost ved pendleropphald er ikkje lengre trekkfritt.

### 2.2 Frådrag for meirutgifter til kost ved lange daglege fråvær

Den satsen som blir nytta når arbeidstakar får godkjent kostutgifter ved

samanhengande fråvær frå heimen på 12 timar eller meir, jf. takseringsreglane § 1-3-6, er for inntektsåret 2004 kr 75. Arbeidsgivaren kan for 2005 godtgjere slike utgifter trekk- og avgiftsfritt etter denne satsen.

### **3 Reiseutgifter ved besøk i heimen, trekkfri bilgodtgjering og fordel ved privat bruk av arbeidsgivar sin bil for inntektsåret 2005**

#### **3.1 Frådrag for reiseutgifter ved heimbesøk**

Den satsen som blir nytta når pendlarar får godkjent reiseutgifter ved besøk i heimen, jf. takseringsreglane § 1-3-10, skal for inntektsåret 2004 vere kr 1,40 pr. km inntil 35 000 km pr. år og kr 0,70 pr. km over 35 000 km pr. år. Arbeidsgivaren kan for 2005 godtgjere slike utgifter trekk- og avgiftsfritt etter desse satsane. Skattedirektoratet kan heve satsane i inntektsåret ved prisauke.

#### **3.2 Trekkfri bilgodtgjering**

Bilgodtgjering er berre trekkfri når godtgjeringa blir utbetalt for yrkes- eller tenestekjøring som kilometergodtgjering etter statens reiseregulativ (særavtale) (eller lågare) og når krava til legitimasjon er oppfylt.

#### **3.3 Privat bruk av arbeidsgivars bil**

##### **3.3.1 Bilar som fell innanfor dei standardiserte reglane (sjablonsystemet)**

Fordel ved privat bruk av arbeidsgivars bil blir fastsett til 30 prosent av bilens listepris som ny inntil 235 000 kroner og 20 prosent av overskytande listepris.

For:

- bilar eldre enn 3 år per 1. januar i inntektsåret, eller
- skattyttarar som godtgjer at yrkeskjøringa går over 40 000 km i inntektsåret, eller

- el-bilar
- blir det ved utrekninga teke utgangspunkt i berre 75 prosent av bilens listepris som ny (i staden for 100 prosent av listepris), sjå avsnittet ovanfor.

Ved kombinasjon av to eller fleire av dei nemnde alternativa blir det berre rekna med 56,25 prosent (75 prosent av 75 prosent) av bilens listepris som ny. Den reduserte listeprisen skal deretter multipliserast med den relevante presentsatsen (-satsane) etter avsnittet ovanfor.

Som eksempel på når ein bil må reknast som eldre enn 3 år per 1. januar i inntektsåret, kan vi ta ein bil som er førstegongsregistrert 5. januar 2002. Deretter legg ein til 3 år. Det gir datoen 5. januar 2005. Inntektsåret etter, dvs. 2006, blir bilen rekna som eldre enn 3 år per 1. januar i inntektsåret.

Bilens **listepris** blir sett til hovudimportørens listepris på tidspunktet for første gongs registrering, inklusive meirverdiavgift og vrakpant, eksklusive frakt- og registreringskostnader. I tillegg til listeprisen kjem listepris for ekstrautstyr som ikkje berre har verdi for yrkesbruken, uavhengig av om ekstrautstyret er kjøpt samtidig med bilen eller på eit anna tidspunkt. Dersom det ikkje ligg føre listepris for ekstrautstyr, legg ein til reell innkjøpspris. Dersom arbeidstakaren oppheld seg i utlandet og bilen ikkje er kjøpt i Noreg, blir listepris sett til opphavleg listepris som ny i opphaldslandet. Det kan krevjast framlagt dokumentasjon for den listeprisen som er lagt til grunn ved utrekning av fordelene.

Ved firmabilordning i delar av inntektsåret blir fordelsskattlegginga gjennomført forholdsmessig for så mange heile og påbegynte månader som bilen har stått til disposisjon.

Det går fram av forskrift frå Finansdepartementet til skattelova av 19. november 1999 nr. 1158 § 5-13-5 andre ledd at: *"I særlige tilfeller hvor listeprisen klart ikke står i forhold til fordelene ved den*

*private bruk, kan fordelene fastsettes ved kjønn.*”

I vurderinga av når unntaksregelen skal brukast, blir det understreka at regelen skal praktiserast strengt, jf. ordlyden i føresegna ”[i] særlige tilfeller hvor listepreisen klart ikke står i forhold til...” (våre understrekingar). Arbeidsgivar blir tilrådd å ta kontakt med likningskontoret før forskottstrekk blir gjennomført, dersom ein meiner at unntaksregelen er aktuell. Likningskontoret kan gi rettleiing om når unntaksregelen skal brukast.

Dersom vilkåra for å bruke unntaksregelen er oppfylte, og firmabilordninga varer heile året, skal den skjønsmessig fastsette fordelene setjast til minimum kr 42 000,-, som tilsvarer ein listepreis på kr 140 000,-.

Ved bilordning i delar av inntektsåret blir fordelsskattlegginga gjennomført forholdsmessig for så mange heile og påbegynte månader som bilen har stått til disposisjon.

### **3.3.2 Bilar/persongrupper som fell utanfor dei standardiserte reglane**

#### **3.3.2.1 Bilar som fell utanfor dei standardiserte reglane**

Det går fram av forskrift frå Finansdepartementet til skattelova § 5-13-1 andre ledd (jf. første ledd) at reglane som er gjennomgått i pkt. 3.3.1 ovanfor (dei standardiserte reglane), gjeld for alle typar bilar, også varebilar, kombinerte bilar, lastebilar og bussar, med unntak av:

- a. lastebilar med totalvekt på 7 500 kg eller meir og bussar med meir enn 15 passasjerplassar.
- b. bilar som etter konstruksjonen eller innreiinga i liten grad er eigna og heller ikkje meinte for privat bruk, og som ikkje blir brukte privat utover arbeidsreise.
- c. bilar som det i lov eller i medhald av lov er fastsett forbod mot å nytte til anna privatkjøring enn arbeidsreise.
- d. bilar som er registrerte for ni passasjerar eller meir, så fram dei blir brukte i

kjøreordning organisert av arbeidsgivar for transport av tilsette på arbeidsreise, og ikkje blir brukte privat utover arbeidsreise.

For desse bilane kan det brukast ein sats på kr 2,85 per km som rettleiande sats. Denne satsen blir brukt både for arbeidsreiser og anna privat kjøring, med unntak av arbeidsreiser som er over 4 000 km, der ein kan bruke ein sats på kr 1,40 per km. Satsen (satsane) blir multipliserte med det kilometertalet som bilen faktisk er brukt til arbeidsreise/anna privat kjøring.

#### **3.3.2.2 Persongrupper som fell utanfor dei standardiserte reglane**

Det finst tilfelle der andre skattyttarar enn lønnstakarar får bil stilt til disposisjon på ein slik måte at bilbruken må reknast som skattepliktig fordel (eksempelvis aksjonærar og pensjonistar). I slike tilfelle blir dei standardiserte reglane ikkje brukte direkte, slik at fordelene må fastsetjast ved ei individuell verdsetjing i samsvar med skattelova § 5-3 (”omsetningsverdi”) basert på faktisk privat bruk. I desse tilfella kan dei standardiserte reglane (jf. pkt. 3.3.1 ovanfor) brukast så langt dei passar. Under føresetnad av at bilen blir brukt heile året, kan fordelene bereknast ved at ein tek utgangspunkt i bilens listepreis og multipliserer med prosentsatsen (-satsane) i sjablonsystemet. Denne fordelene skal dividerast med 15 000 km, slik at fordel per kilometer kjem fram. Den utrekna satsen blir deretter multiplisert med det kilometertalet bilen faktisk er nytta til privat bruk i løpet av inntektsåret.

## **4 Rimelege lån i arbeidstilhøve**

Når arbeidsgivaren har gitt eller formidla lån i arbeidstilhøve til rimeleg rente, skal det trekkjast skatt og reknast arbeidsgivaravgift av rentefordelen. Fordelen er differansen mellom renta rekna etter normrentesatsen og den faktisk påkomne renta. Normrentesatsen er for januar og februar 2005 **2,5 prosent**. Eventuelle seinare endringar kunngjerast på [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no) under ”Tabeller og satser”. Modellen for berekning av normrenten opnar for seks moglege

endringar i normrenten pr. år (1. januar, 1. mars.

1. mai, 1. juli, 1. september og 1. november). Rentefordelen skal reknast på dei aktuelle månadene. Del av månad skal reknast som heil månad. Regelen gjeld også når slike lån til dømes er gitt til arbeidstakaren sin ektemake eller sambuar.

Rentefordelen ved eit kortsiktig mindre lån frå arbeidsgivar blir ikkje rekna som skattepliktig inntekt. Vilkåra er at lånet, da det blei gitt, ikkje var større enn  $\frac{3}{5}$  av grunnbeløpet i folketrygda (pr. 1. januar 2005 svarande til kr 35 267), og tilbakebetalingstida er høgst eitt år.

Skattekortet for 2005 er skrivne ut på grunnlag av likninga for 2003, der ein eventuell skattepliktig rentefordel er teken med.

Skattyttarar som tek opp nye lån og med dette får vesentleg skattepliktig fordel, bør endra skattekortet, sjå [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no).

# Skattetrekket i 2005

## Satsar for trekkpliktige naturalytingar mv.

### Fri kost og losji - satsar per døgn

Fritt opphald - kost og losji	kr 93
Fri kost - alle måltida	kr 68
Fri kost - to måltid	kr 53
Fri kost - eitt måltid	kr 35
Fritt losji - eitt eller delt rom	kr 25

### Skattedirektoratets forskottssatsar for trekkfri kostgodtgjering

For arbeidstakarar som bur på pensjonat kr 251  
eller hybel/brakke **utan** høve til å koke mat  
(og som ville hatt krav på frådrag for  
meirutgifter til kost)

For arbeidstakarar som bur på hybel/brakke kr 166  
der det **er** høve til å koke mat eller har  
overnatta privat (og som ville hatt krav på  
frådrag for meirutgifter til kost)

Godtgjering til kost ved pendlaropphald er ikkje lengre trekkfritt.

### Fordel ved privat bruk av firmabil

Fordelen blir fastsett til 30 prosent av bilens listepriis som ny inntil  
235 000 kr og 20 prosent av overskytande listepriis.

For:

- bilar eldre enn 3 år per 1. januar i inntektsåret, eller
- skattytare som godtgjer at yrkeskjøringa overstig 40 000 km i inntektsåret, eller
- el-bilar

blir fordelene rekna av berre 75 prosent av bilen sin listepriis som ny.

Ved kombinasjon av to eller fleire av dei punkta ovanfor reknast den berre av 56,25 prosent  
av bilen sin listepriis som ny.

Ved firmabilordning i delar av inntektsåret, blir fordelene fastsett forholdsmessig for det tal  
heile og påbegynte månader bilen har stått til disposisjon.

### Sats for trekkfri reisegodtgjering - heimreise for pendlar

Trekkfri reisegodtgjering for heimreise for pendlar (ikkje dagpendlar) som arbeidsgivar  
dekkjer:

per km inntil 35 000 km per år	Kr 1,40
per km over 35 000 km per år	Kr 0,70

**Kjøregodtgjering for yrkes- eller tenestekjøring** er trekkfri dersom godtgjeringa **ikkje**  
**overstig satsane i statleg regulativ.**

## **Rentefordel ved rimelege lån i arbeidsforhold**

Normrentesats i januar og 2,5 prosent  
februar 2005

Eventuelle seinare endringar i rentesatsen vil gå frem av  
<http://www.skatteetaten.no> under "Tabeller og satser" .

## **Andre trekkpliktige naturalytingar**

Verdi av andre naturalytingar, sjå forskrift av 21. juni 1993, jf. Skattedirektoratets melding  
Sk nr. 12/1993.

*Oslo, 22 . desember 2004*